

Hytteboka er klar for trykking.

26.04.2017



Hans Ordin Østebø og Kristian Bringedal viser fram to av sidene i 100 års-boka om Fjelly

I kveld var det samling i Gamleskulen for å kvaitetssikra namn og historiske fakta i boka om lagshytta Fjelly. Skriftnemnda presenterte manuset med biletet side for side. Det var gjort for å luka ut feil før boka går i trykken innan to veker. Innsamlinga av om lag 200 foto vart gjort på to skannekveldar i Helgheim. Eit utval av desse vert brukte i boka: **Fjelly 1817 - 2017**. I tillegg vert det brukt biletet frå Uskedal ungdomslag sitt fotoarkiv.

Skriftnemnda er godt nøgd med innsamling av foto og anna dokumentasjon. Dette lettar arbeidet med å framstilla bygginga i 1917, vedlikehald, dugnader, hyttefestar og viktige hendingar gjennom 100 år. 10 hyttebøker og ei kassabok er 'gull verdt' i arbeidet med lagshytta si soge.

Til 100 års markeringa 20. mai vert det laga 10 bøker. Dersom det er interesse, vert det lagt opp til tinging av boka, før ein tek avgjer om trykking for sal. Hyttestyret er klar for kungjering av jubileet på fjellet laurdag 20. mai. Det vert lagt opp eit variert dagsprogram med mellom anna aktivitetar for born og vaksne. Meir om hyttejubileet kjem som eiga sak.

Tekst: Kristian Bringedal

Foto/nett: Tor Inge Døssland